



Årsmelding for Valdres Historielag 2023

Årsmøtet for 2022 var i Vang 6. mai 2023. Det var 18 personar til stades på årsmøtet. Før møtet hadde Vang Historielag ordna med omvising i den nye Kulturstøga i Øye ved Øye stavkyrkje, og eit besøk på lāvemuseet til Aud Kvale

Leiar Jorunn W Steinsvoll leia møtet, referent var Gunnar Hauge. Årsmeldinga for 2022 vart lese og godkjent utan merknader. Rekneskapen vart lese av kasserar Tore Hovda. For 2023 viste det kr 73 595 i underskot.

Jorunn W. Steinsvoll og Gunnar Hauge sa frå seg attval, og nye i styret vart Ingebjørg Moe og Toril Grønbrekk. Tore Hovda tok attval. Dei andre i styret – Tove Grete Kolstad og Jon Bratrud - var ikkje på val. Ivar Aars takka for seg som skriftstyrar, ny vart Nils Rogn. Han tek også ansvar for heimeside og Facebookside. Anne Marit Framnes held fram som varamedlem, ny vart Ole Listrudbakken. Revisor Håkon Berge held fram, likeins Anne Marit Framnes som materialforvaltar. Ivar Aars held fram som leiar i Valdres Bygdeboknemnd. Sidan årsmøte ikkje greidde ikkje å få valt leiar må styret konstituere seg sjølv.

Det har vore 5 styremøte i året. På fyste styremøte vart Arne Erik Fønhus valt som leiar.

Sidan Ivar Aars sa frå seg godtgjersle for årbokarbeid – for å betre økonomien – vedtok styret å gje ut årboka også dette året. Temaet for boka vart: »Valdres 1000-årsskrift.». Årboka kom ut i november.

For komande årbokarbeid fekk skriftstyrar/redaktør Nils Rogn med seg Ole Aastad Bråten, Knut Aastad Bråten og Harald Hvattum i redaksjonen.

Styret har arbeidd med nye lover for Olav Kirkevolds fond og nye lover for laget. Lovene for fondet blir lagt fram på årsmøtet våren 2023, men lovene for laget vil bli sendt alle lokallaga på høyring. Alle lokallaga var innkalla til eit fellesmøte i januar. Der blei det drøfta ulike nye måtar å organisere laget på. Tilbakemeldingane i møtet tek styret med seg i det vidare arbeidet med nye lover.

Følgjande har fått midlar frå Kirkevollarven i 2023: Etnedal historielag 10.000 til bildebok, Forestillinga om Kjørstad-dreparen på museet 5000 kr, og boka om Torleiv Bolstad 10.000 kr.

Til saman 25.000 kr.